

Lindås kommune  
Byggesaksavdelinga  
Postmottak  
Kvernhusmyrane 20  
5014 Isdalstø

Ved: Siril Sylta

Dykkar ref.:  
15/3355 – 15/32412

Vår ref.:  
5151930\Utsleppsøknader

Dato:  
2015-12-15

## Hilland Vest - søknad om mellombels utsleppsløyve for auka tilknytning til eksisterande avløpsutslepp

Lindås kommune, Teknisk drift, avdeling for vatn og avløp, søker med dette om løyve til auka utslepp av kommunalt avløpsvatn frå Hilland Vest i tråd med kapittel 13 i Forureiningsforskrifta.

Søknaden gjeld endringar for utsleppet i reinsedistrikt Hilland vest. Reinsedistriktet har utslepp til sjø, mindre følsamt område (etter områdeinndeling i vedlegg 1 punkt 1.2 til kapittel 11 i Forureiningsforskrifta).

Lindås kommune skal leggje til rette for bustadutbygging jf. vedtekne reguleringsplanar innanfor Hilland Vest avløpsreinsedistrikt:

- Haghaugen (Gnr 134 bnr 1 og 3 m.fl)
- Vindkallen (Gnr 134, del av bnr 6 og 7 mfl).

Avløpsvatn frå desse områda skal mellombels reinsast lokalt, og det reinsa vatnet skal så førast til utslepp i eksisterande utsleppsleidning frå slamavskiljar for Hilland Vest lokalisert på Heimetangen. Sjå vedlagte kart/prinsippkisse.

Gjeldande utsleppsløyve av 16.06.1999 er gjeve av Fylkesmannen i Hordaland med heimel i Forureiningslova, med utslepp frå slamavskiljar med maksimalt 400 pe (personekvivalentar) tilknytt. Grunna planlagt utbygging av bustader i dei to nye bustadfelt, er talet på personekvivalentar i eit utvida reinsedistrikt etter maksimal utbygging berekna til totalt 1200 pe. Denne utbygginga medfører ein vesentleg auke av eksisterande utslepp, noko som utløyser krav om søknad om løyve etter § 13-4 i Forureiningsforskrifta.

Avløpsvatnet vert i dag reinsa i slamavskiljar. Det vert søkt om eit mellombels utsleppsløyve, då alt avløpsvatn frå Hilland vest på sikt skal overførast til sentralt reinseanlegg.

Søknaden er utforma i samsvar med § 13-4 i forureiningsforskrifta, sjå etterfølgjande opplysningar.

### a) Ansvarleg søkjar:

Lindås kommune, Teknisk drift, Avdeling for vatn og avløp, Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø.

### b) Etablering og drift av utsleppet i høve til krav i regelverk:

Utsleppet frå Hilland vest kjem inn under krava i kapittel 13 i Forureiningsforskrifta, der det vert stilt følgjande krav til reinsing (§13-8):

- a. 20 % reduksjon av SS-mengda i avløpsvatnet, berekna som årleg middelvei av det som vert tilført reinseanlegget

- b. 100 mg SS/l ved utslepp, berekna som årleg middelværdi
- c. Sil med lysopning på maks 1 mm, eller
- d. Slamavskiljar utforma i samsvar med §13-11

Nye utslepp, utslepp som vert auka vesentleg eller reinseanlegg som endrast vesentleg må etterkome kravet i bokstav a eller b.

Utslepp og reinseanlegg for inntil 400 pe er i dag etablert på Heimetangen og avløpsvatnet vert reinsa i slamavskiljar i medhald av § 13-8 bokstav d. Eksisterande 3-kamra slamavskiljar i betong har eit samla våtvolum på 153 m<sup>3</sup> og ein kapasitet for tilknytning på over 400 pe etter krav gitt i gjeldande utsleppsløyve ved tømning ein gong pr. år. Dagens tilknytning er 346 pe.

Tilknyttinga til slamavskiljaren skal ikkje aukast utover noverande utsleppsløyve, men både for denne og for nye slamavskiljarar for dei planlagde bustadområda (Haghaugen og Vindkallen) legg ein til grunn at kravet i bokstav b skal oppfyllest.

Både eksisterande og nye reinseanlegg i samband med utsleppet skal drivast i samsvar med krava i §13-6 til §13-16 i Forureiningsforskrifta.

### c) Etablering og drift av utsleppet

Eksisterande utslepp på Hilland Vest skal oppretthaldas som utsleppsstad for eksisterande busetnad i reinsedistriktet, som i gjeldande løyve.

Utsleppsanlegget skal som i dag driftast av Lindås kommune sitt fagkyndige driftspersonell. Forskriftsmessig tømning av slam med godkjent sluttbehandling, gjerast av den som til ei kvar tid innehar oppdraget. Pr. i dag er dette Septik 24 v/Jonny Birkeland.

Eksisterande slamavskiljar på Heimetangen, utsleppsleidning og tilførselsleidningar er overtatt til kommunal drift og eige i hht utbyggingsavtalen for Hilland Vest. Arealet som desse ligg på er privateid, men det har ikkje innverknad på dette. Dokumentasjon på eigarskap vil bli ettersendt frå Teknisk drift.

Prøvetaking skal gjennomførast i tråd med § 13-12 i forureiningsforskrifta, tidsproporsjonalt med minimum 12 døgnblandprøver pr. år. Det skal takast prøvar både på utløpet frå eksisterande slamavskiljar og frå nye lokale reinseanlegg som skal byggjast for dei nye bustadområda på Haghaugen og Vindkallen.

Godkjent utsleppsløyve vil vere ein føresetnad for at byggeløyve for dei to utbyggingsområda kan gjevast. Bygging i medhald av utsleppsløyvet vil bli ivarettatt gjennom eigne utbyggingsavtalar for reinseanlegg og leidningsanlegg mellom utbygger og Lindås kommune, Teknisk drift.

### d) Plassering av reinseanlegg og utsleppsstad

Eksisterande slamavskiljar ligg på Heimetangen på ca. kt. + 4,5 som vist på vedlagte kart. Slamavskiljarens koordinatar er Nord 6720418,98 og Øst 293228,11. Utsleppsleidningen sin dimensjon er Ø160 mm PE, med utsleppspunkt på 25 m djup i Kvernafjorden om lag 35 m frå land.

Avløpsvatn frå dei nye bustadfeltene Vindkallen og Haghaugen førast til nye reinseanlegg lokalt, før det reinsa vatnet overførast til Heimetangen og koplast til eksisterande utsleppsleidning nedstraums slamavskiljaren lokalt.

Overføringa frå Vindkallen og Haghaugen skal skje via overføringsleidning (dykkarleidning) gjennom Hillandsvatnet og eventuelt ein pumpestasjon til Heimetangen, og koplast på eksisterande utsleppsleidning der. Reinseanlegga på Vindkallen og Haghaugen skal ikkje ha utslepp lokalt, utanom nødoverløp (med varsling) til Hillandsvatnet eller tett tank.



**e) Utsleppet sin storleik i pe**

Eksisterande slamavskiljar på Heimetangen er dimensjonert for 400 pe. Utbygging av bustadfeltet Vindkallen og Haghaugen vil skje gradvis, men dei lokale reinseanlegga skal dimensjonerast for talet på pe ved ferdig utbygging.

Dimensjonerande tilknytning vert som følgjer:

- Hilland vest: 400 pe
- Vindkallen og Haghaugen, til saman: 800 pe

Til saman vert inntil 1200 pe tilknytt eksisterande utsleppsleidning på Heimetangen. Ein søker om mellombels utviding av eksisterande utslepp fram til alt avløpsvatnet frå Hilland vest kan overførast til nytt sentralt reinseanlegg, forventa til 2024.

Maksimal avløpsmengde for ei total tilknytning på 1200 pe er berekna til 13 l/s. Dei nye bustadområda vil bli utbygd med separat leidningsanlegg, som vil gi minimal innlekking av framandvatn.

**f) Skildring av utsleppsstad, utsleppsanordning og utsleppsdjup**

Reinsa avløpsvatn vert ført til utslepp i Kvernafjorden frå Heimetangen som beskriven ovanfor. Utsleppsleidningen sin dimensjon er Ø160 mm PE, med utsleppspunkt på 25 m djup i Kvernafjorden om lag 35 m frå land.

Heimetangen ligg i Kvernafjorden ved innløpet til Alverstraumen. Kvernafjorden har sitt namn etter dei markante straumforholda som ofte kan sjåast på overflata på lang avstand. Det aktuelle området ved Heimetangen har ekstra kraftige straumforhold grunna tidevatnet i Alverstraumen. Dette kan tydeleg sjåast på kraftige virvlar med store mengder flytande tang- og vrakgods som stadig flyttar seg med ut og inngåande straum.

**g) Andre interesser**

Strandsona er generelt svært vanskeleg tilgjengelig. Den store båttrafikken, og då særleg hurtigbåttrafikken Bergen – Sogn, gjer det ofte ubehagelig å drive friluftsliv i dette sjøområdet.

Det er ikkje registrert badeaktivitet i området, men noe spredt fritidsfiske med teiner, garn og line.

Auka utslepp av reinsa avløpsvatn er ikkje forventa å gi negative verknader.

Vassforskrifta

I tiltaksprogram for vassregion Hordaland for perioden 2016 – 2021 datert 02.10.2015 er det for Nordhordland vassområde ikkje foreslått naudsynte tiltak for Kvernafjorden.

Naturmangfaldslova

Endringa i utsleppsløyve medfører ingen konkrete fysiske tiltak i samband med eksisterande utslepp.

Auka utslepp vurderast ikkje å føre til negative konsekvensar for naturmangfaldet. Det er gode straumforhold i resipienten, og det vil ikkje vere fare for uheldige lokale påverknader som følgje av det auka utsleppet av reinsa avløpsvatn, som vurderast å ligge godt innanfor toleevna til resipienten.

## h) Varsling om utsleppssøknad

Utsleppssøknaden vart varsla på kommunen sine heimesider og i Avisa Nordhordland og i Bergens Tidende den 16. september 2015 med 4 vekers høyringsfrist jf. forureiningsforskrifta.

I tillegg vart følgjande instansar varsla pr. e-post:

- Fiskarlaget Vest
- Fiskeridirektoratet, Region Vest
- Fylkesmannen i Hordaland
- Hordaland fylkeskommune, Regionavdelinga
- Stiftelsen Bergens Sjøfartsmuseum

## i) Innkomne merknadar

Det er kome inn merknadar frå Fiskarlaget Vest, Fiskeridirektoratet Region Vest, Stiftelsen Bergens Sjøfartsmuseum og Fylkesmannen i Hordaland v/ Miljøvern- og Klimaavdelinga. Desse ligg som vedlegg til søknaden, men er kort oppsummert i det etterfølgjande.

### Fiskarlaget Vest:

Fiskarlaget Vest har ikkje merknadar til omsøkt endring så lenge ein held seg innanfor reinsekravet for utsleppet. Det blir og gjort merksam på at ein ikkje kan godta at utsleppsleidningen blir lagt i det registrerte trålfeltet, eller like ved.

*Kommentar Norconsult: Dagens utsleppsleidning som også skal nyttast vidare, ligg i god avstand frå trålfeltet.*

### Fiskeridirektoratet Region Vest:

Merknadar:

Fiskeridirektoratet sin interesse i slike utsleppssaker er å sikre marint mangfald, samt fiskeri- og akvakulturinteressene i området. Det er viktig at tiltakshavar har kunnskap om og tar omsyn til dei marine leve- og oppvekstområda i og omkring det aktuelle området.

Om lag 350 m frå utsleppet er det registrert eit rekefelt. Det vurderast ikkje slik at ein auke i utsleppet av reinsa avløpsvatn kan føre til større ulempe for dette rekefeltet.

Fiskeridirektoratet Region Vest har derfor ingen merknad til mellombels utviding av utsleppsløyvet frå Hilland Vest.

### Bergens Sjøfartsmuseum:

Merknadar:

Museet kjenner ikkje til kulturminne ved Hilland Vest avløpsreinsedistrikt Haghaugen gnr/bnr 134/1 og 3 m.fl. i Lindås kommune som kan bli direkte råka, og har derfor ingen merknadar til aukinga av utsleppet.

Det er likevel mogleg at det ligg kulturminne i det aktuelle området, og at tiltakshavaren plikter å gi melding til museet dersom ein under arbeid i sjøområda finner skipsvrak, keramikk eller andre marine kulturminne.

### Fylkesmannen i Hordaland v/Miljøvern- og klimaavdelinga:

Merknadar:

Det visast til at utsleppet blir auka vesentleg, jf. § 13-8 i forureiningsforskrifta og derfor må tilfredsstillende bokstav a) eller b) i forskrifta. Vidare at både eksisterande slamavskiljar og nye slamavskiljarar skal drivast i samsvar med krava i § 13-6 til § 13-16 og at dei må krevjast utforma slik at prøvetaking kan skjje i tråd med § 13-12 i forskrifta.

Vidare har kommunen som forureiningsmynde plikt til å vurdere om utsleppsløyet oppfyller krava i vassforskrifta og naturmangfaldlova.

**j) Underskrift ansvarleg anleggseigar**

Underteikna stadfestar at opplysingane i søknaden er korrekte og forpliktande for å følgje føresegnene i forureiningsforskrifta og enkeltvedtak i samsvar med forureiningsforskrifta. Lindås kommune har som eigar ansvar for forskriftsmessig drift og vedlikehald.

Knarvik ...../..... 2015



Lindås kommune, Teknisk drift,  
avdeling for vatn og avløp

LINDÅS KOMMUNE  
Teknisk drift VVA

Bergen ...../..... 2015




Norconsult AS (rådgjevar)

Vedlegg:       Oversiktskart  
                  Kunngjering  
                  Innkome høyringsuttaler etter varslng:  
                  - Fiskarlaget Vest  
                  - Fiskeridirektoratet Region Vest  
                  - Stiftelsen Bergens Sjøfartsmuseum  
                  - Fylkesmannen i Hordaland v/ Miljøvern- og Klimaavdelinga

Kopi:   Lindås kommune, Teknisk drift, Avdeling for vatn og avløp





### Teiknforklaring

— — Reguleringsplangrenser

### Avløpssoner


- Alverstraumen
- Hilland Vest
- Utvidelse av Hilland vest

### Eksisterande

- Slamavskiljar
- Pumpestasjon
- Overvassleidningar
- Pumpeledning Spillvatn
- Spillvassledning

### Planlagt

- Pumpestasjon
- Slamavskiljar
- Spillvassledning



D02	2015-12-15	Vedlegg til utslippssøknad Hilland Vest og Alverstraumen	ToDal	JIN	JIN
D01	2015-04-28	For godkjenning hos oppdragsgiver	ISHOL	JIN	

**LINDÅS KOMMUNE** Målestokk A4  
1:8 000

**Utsleppssøknad Hilland Vest**  
**Utsleppssøknad Alverstraumen**  
**Oversiktsplan**

Norconsult	<b>5151930</b>	<b>101</b>	<b>D02</b>
------------	----------------	------------	------------